



Fiskeristyresmaktene si rolle i utvikling av ein fiskeriterminologi

Olav Lekve

Fiskeridirektoratet

Summary

In this article I try to establish whether it is fair to argue that there exists a particular Norwegian fishery terminology, and, if so, whether and to what extent national administrative bodies have played and are still playing a role in developing and updating it. Or is it, perhaps, more appropriate to claim that there merely exists a “fishery jargon”, a tribal language unintelligible to others than those engaged in professional fishing activities?

I attempt to demonstrate that Norwegian trawl fishing terminology, or jargon, is heavily influenced by English for historical reasons, whereas a general national fishery terminology seems to have been developed and updated amongst responsible authorities and fishermen alike as a result of formal and informal interaction between them and not due to a high degree of language consciousness or concerted efforts. In particular it would seem that legislation in the area has played an important role in formalizing the terminology in question.

Finally I point out how a shift in attitude in public sector in recent years towards regarding people in the fishing industry as “users” or “clients” has led to simplification also of fishery legislation, thus bringing about increased linguistic and terminological awareness and improvement. I wind up, nevertheless, describing the Icelandic terminology situation as a model also for Norway.

Kan vi snakke om ein eigen fiskeriterminologi, og har styresmaktene hatt ein meir eller mindre viktig rolle i å utvikle og vedlikehalde han? Omsetjaren Ellinor Kolstad har gitt uttrykk for sitt strev med å få til ei vitug omsetjing av boka *Trawler. A journey through the North Atlantic* av Redmond O’Hanlon fordi fiskerisjargongen var vanskeleg å omsetje (sjå Kolstads artikkel i dette heftet).

Trålspråket, eller trålsjargongen, er eit godt døme fordi det er så prega av engelsk at det nesten ikkje let seg omsetje. Dette vil verte nærare omtala litt lenger ut i artikkelen.

Det er, sikkert med rette, hevda at det ikkje er skrive ein skjønlitterær roman frå trålmiljøet på norsk. Men det er skrive dikt, og det kan vere ei høveleg innleiing til ein artikkel om fiskeristyresmaktene sitt forhold til ein eigen fiskeriterminologi.

Klistret inntil firemila

Klistret inntil firemila
med alle vinduene i styrhuset åpne
i gnagende gjennomtrekk
på Finnmarka et sted
mens midnattsola slipper taket
der ute i synsranda
nervøse sveip med
kikkerten horisonten rundt
kanskje de andre på vei allerede.

Trålwirene gneldrer sakte rundt tromlene
omsider dørene dundrende i galgene
snart gearet buktende
inn på det sleipe ståldekket
stønnende oppover mot slipkanten
den sjøvåte skjeden
sikter den lange, fullpakkede
fallossprengte sekken seg inn
tømmer over trehundre kasser
gråfiolett glattglinsende hyse
ned i inntaksbingens mørke dyp.

Blir vel et par natthal til
og en røyk før det er
på tide å snu seg på siden i køya
og sovne inn.

Diktet er henta frå Ragnar Sandbæk si siste diktsamling *Forholdsregler mot haien og andre poetiske betraktninger omkring fisk*.

Diktet er eit døme på den meir litterære delen av fiskeriterminologien. Samstundes vil vi i diktet finne ei rekkje element som har noko med fiskeriterminologi og, med litt godvilje, ørlite med styresmakter å gjere. Først får vi vite noko om kvar vi er (klistra inntil 4 mila på Finnmarka) og om årstid (midnattssol). Så viser fiskerilovverket seg litt indirekte fram: “ner-vøse sveip med kikkerten horisonten rundt, kanskje de andre på vei allereie”. Her fortel diktet oss at fartøyet er først på feltet, og då gjeld det å posisjonere seg og fiske så mykje du kan før du får selskap. Dette kallar vi på styresmaktspråket for *forkastregelen* – eit slags “første mann til mølla”-prinsipp. Å vere først gir ein eksklusiv rett til å sette reiskapen akkurat der.

Så går forfattaren over til å beskrive trålfisket eller rettare sagt om augeblinken når trålposen er på veg inn igjen på dekk. Han lar ei rad uttrykk illustrere dette: *trålwirene*, *dørene* dundrer i galgene, *gearet* buktende, *slipkanten*. I andre typar fiskeri snakkar vi ikkje om *gir*, men oftast om *bruk*. Det kunne sikkert ha vore brukt *bruk* om trål også, men det er ikkje blitt slik.

Som nemnt er det særleg i trålfisket at engelske låneord er svært framtreddande samanlikna med alle andre typar fiskeri, som er mykje meir prega av norsk eller norrøne ord. Trålfisket lærte vi i hovudsak av engelskmennene, og det har nok sett sitt preg på terminologien. Vi omsatte nemleg aldri dei engelske faguttrykka slik vi har gjort det i andre typar importerte fiskeri. Derfor er kanskje trålspråket ei større utfordring enn andre fiskerispråk.

Er fiskeriterminologi ein slags sjargong – eit stammespråk som dei færreste utanforståande forstår? Vi kan halde oss litt lenger i trålarverda. Så å seie alle andre fiskeri er fornorska, bortsett frå *trål*. I trålfisket snakkar vi som nemnt om *gir* (eng. *gear*), om *bobbis* (eng. *bobbins*) og om *headlina* og *codlina*. Vi kunne enno ha halde på ei stund til.

Er dette stammespråket også tatt i bruk av styresmaktene, til dømes Fiskeridirektoratet og Fiskeri- og kystdepartementet? Vert stammespråket brukt i offisielle vendingar? Vi kan la føresegn om utøvelse av fisket i sjøen vere eit døme: Sitatet er henta frå paragraf 6 om måling

av maskevidde i m.a. trål: “De målte maskene skal være minst 10 masker frå leisene og minst 3 masker frå cod-lina”. *Leisene? – cod-lina?* Ville ein jurist i t.d. Luftfartstilsynet eller Lotteritilsynet sånn intuitivt ha skjønt fiskerijussen? Heller tvilsamt.

Vi kan halde fram med eit døme frå regelverket om fiske etter norsk vårgytande sild. I paragraf 1 heiter det:

§1 Kvotefaktor for fartøy med ringnottillatelse

Ved beregning av fartøykvoter i det konsesjonspliktige ringnotfisket brukes faktoren 6,80.

Her treff vi på omgrep som ‘kvotefaktor’, ‘ringnot’, ‘fartøykvotar’ og ‘faktor’. I same typar føresegner møter vi ord som *maksimalkvotar*, *gruppekvotar* osv. og andre omgrep som handlar om utøving av fisket.

Med andre ord kan vi hevde at fiskerijuss ganske sikkert er farga av fiskeriterminologien. Samstundes viser vel dette at fiskeristyresmaktene er med og pregar og kanskje vedlikeheld ein fagterminologi.

Er så fiskeristyresmaktene ein del av fiskerisjargongen? Har styresmaktene ei rolle med omsyn til terminologiutvikling?

Ja, det har dei nok, men er rolla medviten? Vi kan sjølvsagt stille spørsmål om kor medviten rolle fiskeristyresmaktene har i forhold til språk. Men det er nok ganske sikkert at dei har vore, og er ein del av fiskerisjargongen, og det har alltid eksistert ein språkleg symbiose mellom fiskaren og fiskeristyresmakta. Som ein liten kuriøs illustrasjon på dette kan vi bruke fylgjande døme:

Offisiell fiskeri- og fangststatistikk vert utarbeidd av Fiskeridirektoratet, mellom anna statistikk om seljakt og tilhøyrande produkt. I eit tidsrom til innpå 1990-talet opererte vi i vår offisielle statistikk med ein oversikt over eksport av *selpesar* (kjønnsorgan frå hannselen). Produktet gjekk i hovudsak til Det fjerne austen som potensfremjande middel. Så var det nokon utanfor fiskeriverda som meinte at ei statleg verksemd ikkje kunne operere med slike uttrykk i sin offisielle statistikk. Dermed var det slutt for selpeisane. Men Noreg slutta ikkje å eksportere selpeisar for det, men heldt fram med noko ein kalte *produkt av sel*.

For betre å forstå rolla vår når det gjeld terminologiutvikling, er det eit poeng å vite kva slags tre hovudroller fiskeriforvaltninga har hatt sidan ho vart oppretta for meir enn 100 år sidan. I dei første 70–80 åra var vi jakthundar som skulle bidra til å utvikle nye teknikkar, ny reiskap og leite etter drivverdige fiskefelt. Fiskeristyresmaktene spelte ei aktiv rolle i oppbygginga av infrastruktur langs kysten med mottaksanlegg, fryseri og fiskerihamner. Føremålsparagrafen var klar i 1906: “Fiskeridirektoratet skal ha sin Opmærksomhed henvendt på alt, hvad der kan tjene til Fremme og Udvikling av Norges Saltvandsfiskerier”.

Så etter at vi hadde bidratt til å bygge opp alt dette, var næringa blitt så effektiv at ho var i stand til å reinske havet for fisk. Det statlege fiskeriapparatet fekk ei ny rolle som vakthund. No var merksemda retta mot overfiske, kvotekontroll, og målet var å sørge for at det var balanse mellom ressursane i havet og uttaket.

Sidan årtusenskiftet har vi så hatt ei tredje rolle, som er ein kombinasjon av begge dei to føregåande. Dette heng saman med endringane i offentleg sektor.

Det er også viktig å ha i tankane styresmaktene sitt krav til presisjon når det gjeld regelverket. Fiske og fangst er kalla dei siste frie yrka, og kulturen har ikkje alltid vore prega av 100 % lovlydnad. Eit høgt presisjonsnivå i regelverket og dermed i vår kommunikasjon med den utøvande næringa, er også eit resultat av den språklege symbiosen som eksisterer mellom styresmaktene og næringa. Vi er nøydde til å bruke fiskeriterminologien for å kunne halde oppe eit høgt presisjonsnivå – og dermed unngå eventuelle mistydingar.

Ein kan hevde at inntil ganske nyleg har vi ikkje hatt eit spesielt medvite forhold til språk og språkutvikling – eller -nedbygging. Det har no berre vore sånn. Men dei siste åtte–ti åra har vi sett ei bølge av effektivitetstiltak og krav til endra haldning i det offentlege. Som ein lekk i moderniseringa av det offentlege har vi blitt gjort merksame på at vi har brukarar eller kundar. Det kan nok vere ein snev av sanning i at brukaren si oppfatning av det statlege fiskerispråket ikkje har vore tatt særleg omsyn til. Men dette har endra seg. Ikkje minst har vi sett det under den siste Bondevik-regjeringa der fiskeri- og kystminister Svein Ludvigsen var ein av dei ivrigaste reformatorane når det gjaldt å endre staten si oppfatning av brukarane sine. Han innførte midt i perioden sin det han kalte “seks gyldne løfter”. Desse gjekk ut på at han – og dermed heile fiskeristatsapparatet – skulle ha fokus på å gjere livet lettare for brukarane. Ein skulle fremme – ikkje hemme, slik føremålsparagrafen til Fiskeridirektoratet alt i 1906 slo fast. Men utgangspunktet er ulikt. No er det snakk om at lover og regelverk skal endrast og forenklast, saksøkane skal bort – definert til at fiskeriforvaltninga ikkje skal ha saker (søknader) liggande som er eldre enn tre månader – og vi skal ha fokus på kommunikasjon og enklare språk. Ludvigsen oppmoda brukarane til å returnere uforståelege brev og vedtak.

Etter det ein kjenner til, kom det ingen brev i retur, men det tyder ikkje at alt er som det burde vere. Det vert nok framleis synda, og det vert sendt uforståelege brev rundt omkring. Men det viste også at vi faktisk gjorde noko konkret med språket. Forenkling av regelverket og enklare språk heng saman. Eit forenkla regelverk har hos oss i fiskeriforvaltninga ført med seg at vi har kutta i talet på føresegner og samstundes vorte mykje meir medvitne i språkbruken.

Eldre føresegner har ei typiske juridisk oppbygging og er i stor grad skrivne utan tanke på at brukaren skal forstå og utøve ei næring underlagt eit regelverk. Det kan nok synast som om dei er skrivne av juristar for juristar. Nyare føresegner etter årtusenskiftet er skrivne med brukarane i tankane, både i innhald og tematisk oppbygging. Eit døme på det er føresegna som omhandlar fiske etter torsk, sei og hyse. Før forenklinga og språkleg bevisstgjerjing var det gjerne fem ulike føresegner om torskefisket, og brukarane måtte leite seg fram til dei delane av dei ulike føresegnene som gjaldt det aktuelle fisket. No er dette ei føresegn som er mykje lettare å finne fram i. Språket er brukarvenleg, og føresegnene er logisk oppbygde slik at det er lett å finne fram. Først handlar det om trålfiske, deretter om andre grupperingar og artar.

Har vi, fiskeristatsapparatet, så ei rolle når det kjem til språkutvikling og språkrøktning? Ja, det trur eg, og no er vi vortne mykje meir medvitne om det i høve til korleis vi skal forholde oss til brukarane og omgjevnadene.

Eg vil heilt til slutt dra fram døme på god statleg språkstyring. Det er vel ikkje så overraskande at eg då tenkjer på Island. Vårt språkråd gjer godt arbeid – all honnør for den viktige jobben det gjer – men det manglar nok både autoritet, gjennomslagskraft og legitimitet samanlikna med det statlege språkarbeidet på Island. La oss nok ein gong ta trål som

døme: Vi har halde på dei engelske faguttrykka vi lærde for 60–70 år sidan. Islendingane har nesten ikkje engelske ord og uttrykk i sitt trålfiske. Dei snakkar om *togarar*, *flotvarpa* og *botnvarpa*.

Presset er blitt mykje større der også, men systemet verkar enno. Det kan fungere slik at når det dukkar opp eit engelsk uttrykk eller ein ny aktivitet eller eit nytt leiketøy, så er det islandske språkrådet på banen med høvelege islandske ord. I allianse med media, både radio, TV og aviser, vert dei islandske nemningane brukte frå dag ein. Dei framande orda vert i hovudsak ikkje distribuerte, dei kjem ikkje på trykk, og dei vert ikkje brukte av islandske styresmakter. Ingen islending snakkar om *PC* eller *mobiltelefon*. Det er *tölva* og *farsima* som er gjengs.

Tenk om vi også kunne ha hatt det slik?

Litteratur

Sandbæk, Ragnar (2000) *Forholdsregler mot haien og andre poetiske betraktninger omkring fisk*. Stamsund: Orkana.

Forskrift om utøvelse av fisket i sjøen i 2005, vedtatt 01.01.2005, oppheva 31.01.2005.

Forskrift om fisket etter norsk vårgytende sild i 2005", vedtatt 01.01.2005, endra 23.09.2005, endra 05.12.2005 og oppheva 31.12.2005.